

# Forskrift om vern av Granvinsfjorden naturreservat i Voss herad (utviding av Folkedal naturreservat)

Versjon: 30. mai 2024.

## § 1. Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur i form av stor, artsrik og variert rik edellauvskog. Skogen er av utforming alm-lindeskog med innslag av lågurt-hasselkratt og fattig furu-eikeskog. Det i tillegg ein god del død ved i varierende dimensjon og nedbrytingsgrad. Området er ein del av eit større fjordlandskap.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

## § 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: 622/8, 623/1, 623/2, 623/9, 624/1, 625/1, 626/2, 626/3, 629/4 og 629/18 i Voss herad.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 891 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Voss herad, Statsforvaltaren i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

## § 3. Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) bålbrekking er forbode.

## § 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- d) beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane.
- e) vedlikehald av gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) utsetjing av saltsteinar.
- g) forsiktig rydding av eksisterande tursti merka på vernekartet.
- h) forsiktig rydding av vegetasjon inntil brønnhus merka på vernekartet.
- i) drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- j) oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

### **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) utanom eksisterande stiar, avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

### **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdselreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

### **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) merking og naudsynt rydding av nye stiar.
- c) istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- e) oppsetting og vedlikehald av gjerder i samband med § 4 d.
- f) naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd b.
- g) naudsynt og skånsam rassikring.

- h) naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d, og e.
- i) bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd.
- j) naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning.

### **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

### **§ 12. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.